



SANDE KOMMUNE
Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00
postmottak@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen, Sande Rådhus, Larsnes
Dato: 05.06.2018
Tid: 13:45 – 16.50

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Vaagen	Ordførar	H
Helge Støylen	Varaordførar	TVP
Anne-Marte S. Beitveit	Medlem	TVP
Arnljot Muren	Medlem	A
Kari Grønnevik	Medlem	SP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Medlem	H
Jon Garen	Medlem	A

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Bjørn Flatøy	Ruth Hatlebrekke Rekdal	TVP
Marion Flatøy Bringsvor	Jon Garen	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Oddbjørn Indregård	Fung. rådmann
Tove Cathrine Kvamme	Politisk sekretær
Rasmus J. Ekroll	Ingeniør, møte til sakene 59/18 til 63/18

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

Røysteføre: 7

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 53/18	Skriv og meldingar	
PS 54/18	Delegerte saker	
PS 55/18	TV-aksjonen 2018 - Kirkens bymisjon - Oppretting av kommunekomite	2018/567
PS 56/18	Tariffoppgjeret pr 01.05.18 - uravstemming	2018/586
PS 57/18	Felles digitaliseringsstrategi for kommunane på søre sunnmøre	2016/1370
PS 58/18	Sandetun uteområde	2016/484
PS 59/18	Marine Harvest Norway AS Dispensasjon frå kommuneplan for etablering av akvakulturanlegg i Voravika	2018/476
PS 60/18	Støylen Service Utarbeiding av privat reguleringsplan for fritidshus på Støylane	2018/503
PS 61/18	Gnr 20 bnr 1 - Aurvoll og Furesund AS Søknad om dispensasjon frå kommuneplan for uttak av stein og opparbeiding av landbruksareal	2018/482
PS 62/18	Spesielle miljøtiltak i landbruket - SMIL-strategi for Sande kommune 2018-2020	2017/287
PS 63/18	Ny vassforsyning Gursken/Gjerdsvik	2018/536
PS 64/18	Ruteendringsprosessen 2019 - innspel frå Sande kommune	2018/507
PS 65/18	Utviklingsforum for Ålesund lufthamn Vigra AS - etablering	2018/623

Eventuelt

Orientering om pårørandemedverknad i Helse- og omsorgssektoren i Sande kommune, v/Helse- og omsorgssjef Bård Dalen.

PS 53/18
SKRIV OG MELDINGAR

Handsaming i Formannskapet :

Politisk og administrativ møtekalendar 2. halvår 2018

Ordførar orienterte om rådmannssituasjonen i Sande .

Oppfølging av utsetjingsframlegget på skulestruktursaka. Ordførar orienterte om kva som er gjort i saka etter utsettingsvedtaket.

Arnljot Muren stilte spørsmål om innkalling til Generalforsamling i Sande Fastlandssamband As

VEDTAK:

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til vitande.

PS 54/18
DELEGERTE SAKER

Handsaming i Formannskapet :

DS 12/18 Kvamsøy IL: Tildeling av skjenkeløyve, einskildløyve - Sommarhelg på Kvamsøy 8.og 9.juni 2018

DS 13/18 Gjerde Mat og musikk - tildeling av skjenkeløyve, einskildhøve - Adolfbuda , 23. juni 2018

DS 14/18 Torghandel AS - Serveringsløyve for sal frå mobil vogn - til 31.12.2019

DS 15/18 Landsbyen Larsnes - Tildeling av skjenkeløyve, einskildløyve - Sumarsamkome 22.06 og 23.06.18

VEDTAK:

Delegerte saker vart samrøystes teke til vitande.

PS 55/18 TV-AKSJONEN 2018 - KIRKENS BYMISJON - OPPRETNING AV KOMMUNEKOMITE

Handsaming i Formannskapet :

Framlegg frå ordførar Dag Vaagen, H:

Sande formannskap vert vald som kommunekomite med ordføraren som leiar. Servicekontoret får ansvaret for organiseringa.

Sande kommune løyver kr 10.000 til tv-aksjonen.

Ordføreren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Sande formannskap vert vald som kommunekomite med ordføreren som leiar. Servicekontoret får ansvaret for organiseringa.

Sande kommune løyver kr 10.000 til tv-aksjonen.

PS 56/18

TARIFFOPPGERET PR 01.05.18 - URAVSTEMMING

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande kommune godkjenner det anbefalte forslaget til løysing av tariffrevisjonene pr 01.05.18 slik det går fram av A-rundskriv nr A/1-2018.

PS 57/18

FELLES DIGITALISERINGSSTRATEGI FOR KOMMUNANE PÅ SØRE SUNNMØRE

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga

TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner felles digitaliseringsstrategi for kommunane på søre Sunnmøre med handlingsplan for perioden 2018-2021.

PS 58/18

SANDETUN UTEOMRÅDE

Handsaming i Formannskapet :

Fung. rådmann la fram følgjande revidert tilråding:

Detaljplanar for Sandetun uteområde utarbeidd av Norconsult dagsett 9 mai 2018 vert å innarbeide i framtidig reguleringsplan for Larsnes sentrum.

Samr. som den reviderte tilrådinga

VEDTAK:

Detaljplanar for Sandetun uteområde utarbeidd av Norconsult dagsett 9 mai 2018 vert å innarbeide i framtidig reguleringsplan for Larsnes sentrum.

**PS 59/18
MARINE HARVEST NORWAY AS
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN FOR ETABLERING AV
AKVAKULTURANLEGG I VORAVIKA**

Handsaming i Formannskapet :

Bjørn Flatøy ba om å få habiliteten sin vurdert pga arbeidsforhold i Marine Harvest Norway AS
6 røysteføre.

Han vert erklært inhabil .

6 røysteføre.

Samr. som tilrådinga

VEDTAK:

Sande formannskap rår til at det vert gitt dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for etablering av akvakulturanlegg i Voravika på Sandshamn slik det går fram av søknad frå Marine Harvest Norway AS dat.27.4.2018 m/vedlegg.

Saka vert å sende til aktuelle offentlege instansar til uttale,jmf.Pbl.§ 19-2, før saka vert framlagt for formannskapet til endeleg avgjerd.

- Bjørn Flatøy tok sete att. **7 røysteføre.**

**PS 60/18 STØYLEN SERVICE
UTARBEIDING AV PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR FRITIDSHUS PÅ
STØYLANE**

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga

VEDTAK:

I medhald av § 12-3 i Plan og bygningslova gir Sande formannskap løyve til at det vert oppstarta arbeid med utarbeiding av privat reguleringsplan for byggeområde for fritidshus for delar av gnr.55 bnr.3 på Kvamsøya.

Reguleringsplanen skal utarbeidast av fagkunnig føretak i samsvar med referat frå førehandskonferanse.

Planområdet skal omfatte Fh15 og H3 i samsvar med gjeldande Kommuneplan.

PS 61/18

**GNR 20 BNR 1 - AURVOLL OG FURESUND AS
SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN FOR UTTAK AV STEIN OG
OPPARBEIDING AV LANDBRUKSAREAL**

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande formannskap rår til at det vert gitt dispensasjon frå kommuneplanen for etablering av massetak for stein og deponering av reine overskotmasser på gnr.20 bnr.1 i Gursken.

Utstrekning av uttaksområde skal mot aust må reduserast med halvparten av det planlagde uttaksområdet som det er vist til i søknaden.

Saka vert å sende til Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Statens Vegvesen til uttale før saka vert framlagt for formannskapet til endeleg avgjerd.,

PS 62/18

**SPEIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET - SMIL-STRATEGI FOR SANDE
KOMMUNE 2018-2020**

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

1. Sande kommunestyre vedtek SMIL-strategien for 2018-2020 slik den ligg føre, jf. vedlegg 1.
2. Sande kommunestyre vedtek Strategiplan for NMSK- midlar for 2017 – 2020 slik den ligg føre, jf. vedlegg 2.
3. Vedtaksmynde i saker som gjeld SMIL, drenering og NMSK blir delegert til administrasjonen.

PS 63/18

NY VASSFORSYNING GURSKEN/GJERDSVIK

Handsaming i Formannskapet :

Ordførar ba om å få habiliteten sin vurdert grunna medeigar i privat vassforsyningsanlegg som kjem i konflikt med ønske om tvungen tilkobling. **6 røysteføre.**
Han vart samrøystes erklært habil.

7 røysteføre.

- Anne-Marte S Beitveit fekk permisjon og forlet møtet. **6 røysteføre.**

SAMR. VEDTAK:

Saka vert utsett.

PS 64/18

RUTEENDRINGSPROSESSEN 2019 - INNSPEL FRÅ SANDE KOMMUNE

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga, med nytt kulepunkt:

- Fylkeskommunen gjer tiltak for å sikre betre frekvens i rute 01.

TILRÅDING:

Sande kommunestyre viser til i saksframstillinga, og bed om at:

- Fylkeskommunen gjer tiltak for å sikre betre frekvens i rute 01.
- Fylkeskommunen gjer tiltak som sikrar betre samvirke mellom aktørar. Spesielt gjeld dette skuleskyssordninga for den vidaregåande skulen.
- Fylkeskommunen vurderer ordningar der både bussnæringa og drosjenæringa vert sett i samanheng for å gi eit betre kollektivtilbod i distrikta.
- Fylkeskommunen gjer tiltak for å auke frekvensen på busstilbodet mellom Garnes og Sande (FV61).
- Fylkeskommunen gjer tiltak som sikrar ein samanheng i kollektivteneste mellom Hareid og Moa/Ålesund Sjukehus.
- Fylkeskommunen gjer tiltak på dei kollektivknutepunkta som i dag ikkje fungerer godt nok for dei reisande.

PS 65/18

UTVIKLINGSFORUM FOR ÅLESUND LUFTHAMN VIGRA AS - ETABLERING

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga

TILRÅDING:

1. Sande kommunestyre ser positivt på arbeidet som vert gjort for å etablere eit utviklingsforum for å styrke Ålesund lufthamn, Vigra sin posisjon som nasjonal lufthamn for Nordvestlandet.
2. Sande kommunestyre har pr i dag ikkje høve til å gå inn med aksjekapital eller årlege driftstilskot til Utviklingsforum for Ålesund Lufthavn Vigra AS.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart Kari Grønnevik og Bjørn Flatøy valde.

Møtet slutt kl 16.50

Kari Grønnevik

Dag Vaagen

Bjørn Flatøy

Rett utskrift

ØKONOMI- OG ADMINISTRASJONSAVDELINGA, 6. juni 2018

Tove Cathrine Kvamme
Politisk sekretær